

04.05.2010

Nyplanting utan festivitas



To granar – vil den eine bli den nye julegrana? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det gjekk ikkje bra med den nye julegrana som vart planta med stor festivitas ved Gamleskulen på nasjonaldagen i fjar. Ho turka ut i det turre veret.

No har musikklaget vore sitt ansvar og sine tradisjonar bevisst og gjort ein ny freistnad - denne gongen heilt utan festivitas. Dei har også planta ikke berre ei, men to nye granar og så får vi håpa at det går betre denne gongen.

Bjørgulf Eik, Ståle Eik, Lars Myklebust og Knut Stensletten gjennomførte operasjonen og dei henta den eine grana på Kjærland og den andre på Eik.

uskedalen.no har spurta Lars kva dei har gjort rett no som dei ikkje gjorde i fjar og her er svaret:

-Vi er rundt rekna tre veker før ute enn i fjar og håpar at det spelar ei positiv rolle. Vi håpar og det er positivt at

dei to nye granane har lengre røter enn fjarårsgrana, som hadde stutte røter og nærmast stod i ei steinrøys.

Ein tredje faktor er at dei nye granane vart teke opp og planta i ein samanhengande operasjon, medan det i fjar tok litt tid etter hentinga før plantinga fann stad.

-Og så er det vel viktig med betre vatning enn i fjar?

-Vatninga var relativt rikeleg i fjar og det var nok ikkje grunnen til at det gjekk så gale, seier Lars.

Av Ola Matti Mathisen